

## Vidar Mjøs

---

**Fra:** Jon Askeland [jon.askeland@radoy.kommune.no]  
**Sendt:** 14. mars 2013 14:36  
**Til:** Vidar Mjøs  
**Kopi:** Kjersti Flatråker; Håkon Zakariassen  
**Emne:** RE: Gnr 27/12 Kvalheim øvre/Fløholmen - reguleringsplan - småbåthamn i næringsområde

**Oppfølgingsflagg:** Følg opp  
**Status for flagg:** Flagget

Viser til motteken e-post. Det ser ut til at denne gjeld sakshandsaming av søknad. Slik korrespondanse må stilast til sakshandsamar (ikkje kopi), og ikkje til underteikna.

Mvh Jon Askeland

---

**Fra:** Vidar Mjøs [<mailto:vidar-mj@online.no>]  
**Sendt:** 14. mars 2013 13:53  
**Til:** Jon Askeland  
**Kopi:** Kjersti Flatråker; Håkon Zakariassen  
**Emne:** Gnr 27/12 Kvalheim øvre/Fløholmen - reguleringsplan - småbåthamn i næringsområde

Håkon Zachariassen i Fløholmen AS informerer om nye kommunale telefonar der han er fortald at fortausprosjektet på den 700 m lange fylkeskommunale Fløholmsvegen er ei enkel sak men at kommunen er misnøgd med fargane (eller manglande fargar?) på kartet som eg har levert.

Kommunen argumenterer i følge Zachariassen for at fortausplanen trengs i tilfelle det skulle verta etablert 100 nye arbeidsplassar i Fløholmen.

I brev herifrå til kommunen datert 13. mars 2013 har eg lista opp tema som må bearbeidast før ein eventuelt går i gang med ein formell reguleringsprosess for fortau langs Fløholmsvegen.

Det skulle ikkje vera noko i vegen for at både kommunen og fylkeskommunen når som helst kan engasjera seg i fortausprosjektet som ledd i eit tiltaksarbeid som siktar mot 100 nye arbeidsplassar i Fløholmen.

Med ein snittpris på 5000 kr. pr. meter vil det kunna byggjast 700 m fortau for 3-4 mill. I tillegg må det planleggjast vegutviding / møteplassar og nødvendig omlegging av avkjørsler. Planlegging, prosjektering, administrasjon og eigedomsinngrep har også sin pris, som det må budsjetterast for.

Eg er engasjert av Fløholmen AS, og ivaretek interessene til oppdragsgjevar. Eg kan ikkje på Fløholmen AS sine vegne og rekning gå inn i eit omfattande planarbeid langs Fløholmsvegen utan at plangrunnlaget og prosjektet er betre utgreidd. Pr. dato ligg det ikkje føre opplysningar som skulle tilseia at det er reelt behov eller grunnlag for fortau langs Fløholmsvegen, tvert om : vegvesenet har skriftleg bekrefta at fortausbygging ikkje er aktuelt i noverande situasjon.

For Fløholmen AS vil det naturlegvis vera positivt om det vert etablert fortau langs Fløholmsvegen. Dette kan heva eigedomsverdien og gje grunnlag for samarbeid med det offentlege både på det praktiske og økonomiske plan.

Eg tillet meg å be om nærare informasjon om kommunens synspunkt, ståstad og strategi.

Uansett må ein plan for opprusting av fylkesvegen til Fløholmen handterast som eiga plansak etter gjeldande lover og reglar. Vegplanen kan ikkje hengjast på det allereide innsendte og 1. gangs handsama private planframlegget frå Fløholmen AS (for utvida småbåthamn).

Det er søkt om dispensasjon frå kravet om reguleringsplan for småbåthamna. Eg har fått brev om at søknaden vil verta handsama, og betalt gebyr for dette.

Mvh  
Vidar Mjøs  
Siv. ing. Vidar Mjøs  
Fabrikkg 7b, 5059 Bergen  
[vidar-mj@online.no](mailto:vidar-mj@online.no)  
tlf 55598262 mob 90788921

---

No virus found in this message.

Checked by AVG - [www.avg.com](http://www.avg.com)

Version: 2012.0.2240 / Virus Database: 2641/5672 - Release Date: 03/13/13